

Høring: Endringer i nærskolematrisen for innsøking til Vg1 i Agder



AGDER
fylkeskommune

Innsendt: 16.06.2026 23:37

Referanse-ID: CZS-G5B

Skjema-ID: AFK-151

Høring - nærskolematrisen - Agder

Innsender av høringen

Fornavn	Jens Petter
Etternavn	Røed
Hvem svaret du for?	☒ Jeg svarer på vegne av en offentlig videregående skole i Agder
Navn på offentlig videregående skole	Setesdal vidaregåande skule

Indre Agder

Ønsker du/ dere en endring av nærskolematrisen så elever fra Bykle og Valle kun blir en del av inntaksregionen for indre Agder, de får da Setesdal, Byremo og Vennesla videregående skoler som sine nærskoler?

☒ Ja

Har du/dere noen innspill til fordeler eller ulemper med dette forslag?

Setesdal vidaregåande skule støttar forslaget om at Bykle og Valle blir innlemma i inntaksregion Indre Agder. Dagens særordning, der elevar frå desse to kommunane får nærskulepoeng til alle vidaregåande skular i fylket, skaper ei skeiv ordning som ingen andre kommunar i Agder har. Dette meiner vi svekkjer nærskuleprinsippet.

Når elevar frå Bykle og Valle kan konkurrere med nærskulepoeng i heile fylket, aukar presset på allereie populære byskular. Samstundes blir rekrutteringa til distriktskulane, som Setesdal vidaregåande skule, svekt. Desse skulane er avhengige av eit stabilt elevgrunnlag for å kunne oppretthalde eit breitt og relevant tilbod. Dette er uheldig både for regionen og for fylket som heilskap.

Forsking på flyttemønster viser at tidleg utflytting frå

distrikta i liten grad blir følgd av tilbakeflytting. Statistisk sentralbyrå si kohortanalyse av unge mellom 15 og 35 år viser at berre om lag 35 prosent av dei som veks opp i dei minst sentrale kommunane bur i oppvekstkommunen som 35-åringar, mot rundt halvparten nasjonalt. Flyttestraumen går i hovudsak frå distrikta og inn mot meir sentrale område, og unge som flyttar tidleg ut for utdanning eller vidaregåande opplæring, etablerer seg ofte varig i meir sentrale strøk. (Kjelde: SSB – «Innanlandske flyttingar. Ei kohortanalyse av flytting til og frå storbyane og distriktskommunane».)

For Indre Agder betyr dette at ordningar som stimulerer til tidleg utflytting – som dagens særreglar for Bykle og Valle – i praksis svekkjer regionen sin evne til å behalde ungdom på sikt. Det er difor viktig at inntaksreglane ikkje bidreg til å forsterke denne trenden.

Bykle har ei avdeling av Setesdal vidaregåande skule på Hovden. Dagens regelverk legg ikkje opp til – eller forventar – at lokal ungdom faktisk nyttar eit tilbod som finst i eigen kommune. Ein felles inntaksregion vil bidra til at nærskuleprinsippet fungerer etter intensjonen også her.

Setesdal vidaregåande skule meiner difor at ei innlemming av Bykle og Valle i inntaksregion Indre Agder vil gje større likebehandling, redusere presset på byskulane, styrkje distriktskulane si rolle og bidra til ei meir berekraftig regional utvikling. Dette er i tråd med formålet med nærskulematrisa og nødvendig for å sikre eit robust vidaregåande opplæringstilbod i heile Agder.

Østre Agder

Ønsker du at inntaksregionen deles så kommunene Tvedestrand, Vegårshei, Åmli, Gjerstad og Risør får nærskolepoeng til Østre Agder videregående skole og Arendal og Froland kommune får nærskolepoeng til Arendal og Sam Eyde videregående skoler. Denne tilbakeføringen betyr

☒ Vet ikke

**også at 50- minuttsregelen
forsvinner.**

**Har du noen innspill til fordeler
og ulemper med dette forslag?**

**Har du andre innspill til
nærskolematrisen?**
